

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
103/22	Formannskapet	PS	23.11.2022
108/22	Heradsstyret	PS	07.12.2022

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hege Eeg	21/2297

## Erverv av areal til omsorg+

### Vedlegg:

2334\_001

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen får mynde til å underteikne og gjennomføre avtalen.

### Formannskapet - 103/22

#### FS - behandling:

##### AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

#### FS - vedtak:

Rådmannen får mynde til å underteikne og gjennomføre avtalen.

### Heradsstyret - 108/22

#### HS - behandling:

Henrik Øksnes, FRP, ønskja sin gildskap vurdert då selgar/grunneiar av tomta er stefar til han sin sambuar. Han ber difor om å verte vurdert ugild i denne saka.

-----  
*Henrik Øksnes, FRP, forlet møte.*  
*John Tysse, FRP, møtte som vara.*  
-----

#### AVRØYSTING gildskap:

Henrik Øksnes vert samrøystes kjend ugild jf. fvl. §6 andre ledd.

-----  
Framlegg og votering i saka kjem fram av voteringsprotokoll som ligg vedlagt nedst i den samla møteprotokollen

**HS - vedtak:**

Rådmannen får mynde til å underteikne og gjennomføre avtalen.

**Saksopplysningar:****Saksopplysningar:****Bakgrunn**

Heradsstyret vedtok å gi rådmannen mynde til å forhandle fram avtale om erverv av areal til omsorg+ i sak 089/22. Rådmannen har forhandla fram ein avtale og den er signert av seljar.

**Vurdering**

Rådmannen vurderer at dette er ein avtale som gagnar kommunen og som gir store moglegheiter til å utvikle tenestene til kommunen.

Prisen er fornuftig og tek omsyn til at delar av arealet er regulert i kommuneplanens arealdel og delar LNF. Kommunen ervervar om lag 38 daa. Området må detaljregulerast, men det kan gjerast samstundes med prosjektering.

Kommunen må søke om konsesjon for det arealet som er avsett til LNF i kommuneplanen hos Statsfovaltaren i Vestland i tillegg til løyve etter jordlova. Det er ein risiko for at kommunen ikkje får konsesjon. Tidlegare praksis viser at det er avgjerande at ein har eit klart føremål med ervervet og at krava til omdisponering og frådelling etter jordlova er oppfylt. Det er gode argument for at dette skal verte innvilga.

Folkehelse

Miljø

Økonomi

**Konklusjon**

Rådmannen tilrår å inngå avtalen. Det må setjast av midlar til å gjennomføre ervervet i budsjettet for 2023.